



Kyrkjeblad

FOR ASKVOLL

Nr. 1 Påske 2023 | 101. ÅRG.



*Vi ynskjer alle
ei velsigna påskehøgtid!*



ANDAKT

Har du sett sola danse?

av Kjell Olav Høstaker Nordheim

No når det går raskt mot vår og sommar, så er me mange som gler oss over at sola tek til å varme meir. Dagane vert lengre, nettene kortare, og me ser oss om etter vårteikn. Jammen vart det mykje snø denne seinvinteren, men snart – snart! – er det vår.

Påskan er ei spesiell høgtid. Eg vil seie at det er den viktigaste høgtida vi feirar i kyrkjene og i samfunnet. Det er ut frå påskemorgon at alt kristent håp veks. Døden er ikkje det siste, lyset vinn over mørket. Og vi kjem saman for å takke Gud for kjærleiken som er sterkare enn døden. Kjærleiken som vert aller tydelegast for oss gjennom Jesu død på krossen for vår skuld. Etter langfredag og den første påskemorgon er det ingen tid eller stad i livet at vi er så langt vekke frå Gud at ikkje Guds kjærleik kan nå oss. Det gir håp, også i møte med det aller vanskelegaste.

Kvar morgon vinn sola over nattemørket. Då gav kanskje bildet seg sjølv for kristne i tidlegare tider: Sola vart eit teikn for påskan, det minna om korleis Jesus stod sigrande opp av grava i morgongryet, og ei ny tid tok til. Og det er ikkje så lenge sidan vi song salmen i ei av kyrkjene våre: «Jesus, livets sol og glede»

Så då spørst det: Har du sett sola danse? I tidlegare tider var det mange som tenkte at heile skaparverket viste glede over at Jesus Kristus

har sigra over døden. Og då var ikkje vegen lang til å tenke at til og med sola hadde sin eigen gledesdans over dette, nettopp på påskemorgon! For mange var dette ikkje berre var ein fin tanke. Det var slik det var i verkelegheita: Påskemorgon sine solstrålar dansar av glede! Grava er tom!

Eg har også lest at for nokre vart det ein fin skikk å ta med ein duk eller liknande til å sjå gjennom, og så gå opp ein topp for å helse på sola i morgongryet påskedag. På den måten lot ein tankane og hjarte ta inn at Frelsaren vår er stått opp frå dei døde. Eg tykkjer det høyrst ut som er ein vakker skikk, og det er ein skikk som var levande ulike stader i Noreg også i generasjonane ikkje så lenge før oss. Sameleis var det både i Danmark og Tyskland, der vart det sagt ein påskedag skulle ein stå tidleg opp for å få sjå at sola leika og dansa av glede over Jesu oppstode. Og var ein retteleg heldig, så fekk ein med seg dei tre små gledeshoppa sola gjorde når ho stod opp påskedag.

Eg er ikkje av dei som enno har sett sola danse, og eg vil nok også vere ganske forsiktig med å sjå for mykje rett på sola. Men glede over å komme seg ut og opp i påskan, det veit eg kva er. Og så er de mi bøn for oss som bur her vi bur at vi kan få ta del i påskegleda Gud gir: «Open har eg himlen funne, Jesus vann og eg har vunne!» (B. Støylen)



Endeleg klart for «Kor-prosjektet» i trusopplæringa!

I Kvammen kapell er songglade born godt igang med å øve til gudsteneste på palmesøndag. Innimellom songane vert det tid til litt anna òg.



Nesten alle deltakarane frå Kvammen samla (To av deltakarane mangla då bilete vart teke). Var det så stille og rolig på øvingane?

I trusopplæringsplanen til Askvoll sokn står «kor-prosjekt» som eit av tiltaka for born frå 8-10 år. Dette vart realisert for fyrste gong no i mars, då vi inviterte 8-10 åringar i heile soknet til å vere med på øvingar fram mot påske. På grunn av lange avstandar vart borna i Værlandet og Bulandet invitert til korprosjekt i Bulandet. Der får borna høve til å vere med på øvingar og setje preg på gudstenesta 1. påskedag, i Bulandet kapell. Dei øvrige 8-10 åringane vart invitert til Kvammen kapell før å øve fram til gudsteneste på palmesøndag. Her vart også nokre av 11-åringane med. I Kvammen kapell har difor 15 songarar øvd kvar onsdagskveld i mars. Songane er henta frå «Hosianna!- påskesanger for små og store», som tidlegare er spelt inn av barnekoret «Levende lys». I tillegg får vi på øvingane sett oss godt inn i dei ulike delene av forteljinga om Jesu død og oppstode. Fargelegging av påskeforteljinga, samt pause med litt å bite i, vert det også tid til. Kor-prosjektet er tenkt å skulle rullere i dei ulike kyrkjekrinsane dei kommande åra.

Guri Høstaker Nordheim, Kyrkjelydspedagog



Neida, masse liv og røre i den koselege gjengen frå Kvammen. Her saman med to av leiarane, Sigrid Lunde og Sabina Baylarbayova.

Musikalsk liv i Askvoll



Julekonsert i Askvoll kyrkje. Foto Steinar Bauge

I det siste året sidan eg begynte som kantor og musikkdiakon i Askvoll, har eg teke ansvar for musikalsk liv i Askvoll Sokn. Til i dag har det vore mange forskjellige arrangement.

23. mars 2022 under Kyrkjedagane i Askvoll var det konsert i Holmedal kyrkje. Der spelte eg orgel og piano, Atløykoret song fleire songar og Sidsel Anita Itland og Kjell Olav Høstaker Nordheim song og spelte gitar. Det var en veldig hyggeleg kveld.

19. mai 2022 var det ein flott flygelkonsert i Askvoll kyrkje. Vi ville markere ein ny flygel, så det vart ein veldig fin konsert med meg, Kjell Olav Høstaker Nordheim, Erlend Os og Erlend Ona Gjøl.

23. mai 2022 under bispevisitas var det kulturkveld med song og musikk i Vilnes kyrkje.

Neste dag, 24. mai 2022 var det opning av musikkdiakoniprojektet på Askvollheimen med biskop Halvor Nordhaug. Eg spelte ein minikonsert på piano.

18. juni 2022 kom Domkoret frå Bergen og hadde ein fantastisk konsert i Askvoll kyrkje.

16. september 2022 på prestegarden var det veldig spesielle og fine konsertar – «Småtrollkonsert» for barna i Askvoll barnehage og «Babykonsert» for veldig små barn. Meg, Guri Høstaker Nordheim og Marie Mjåseth hadde fleire møter og øvingar for desse konsertane, og det var nokre nye og uvanlege konsertar, men dei var veldig fine.

30. november 2022 hadde Askvoll kyrkjekor konsert på Askvollheimen.

8. desember 2022 var det Juletreff (mini-konsert) for folk på Askvollheimen. Meg og Kjell Olav Høstaker Nordheim laga god julestemning med song og musikk.

Same dag (08.12.22) var det ein kjempefin stor og fleirstemd konsert i Askvoll kyrkje med dei fleste amatørane og profesjonelle musikarane frå Askvoll. Alle fekk moglegheita til å melde seg på og delta på julekonserten. Her kjem fleire bilete frå den dagen

som Steinar Bauge har teke og gjeve oss lov til å bruke til kyrkjebladet. Deltakarane på konserten var meg, Kjell Olav Høstaker Nordheim, Atløykoret, Askvoll Kyrkjekor, Skøy, Askvoll Musikklag (m/ dirigent Jørgen Alisøy), Egil Furenes, Silje Furnes Solheim, Alice og Sondre V. Eimhjellen og Sidsel Anita Itland. Det var eit veldig varierande og fint program med tradisjonelle, klassiske og moderne julesongar. Vi fekk mange meldingar frå folk at de var veldig nøgde med konserten.

29. desember 2022 heldt meg og Ellen-Marie Tveit Nyttårskonsert på Askvollheimen.

Askvoll kyrkjekor og Atløykoret tok del i fleire basarar.

Vi starta eit barnekor, og det skal delta på gudsteneste i Kvammen kapell på palmesøndag.

Eg øver alltid med lokale songarar som deltek på høgtidsgudstenester i heile Askvoll Sokn.

Med dette vil eg gjerne takke alle engasjerte og aktive lokalfolk som er positive til å delta og bygge opp musikalsk liv i soknet vårt. 😊

Sabina Baylarbayova

Det var fleire salmekvelder:

29.03.2022 – Kvammen kapell
02.10.2022 – Vilnes kyrkje
20.10.2022 – Bulandet kapell
20.11.2022 – Holmedal kyrkje
12.02.2023 – Vilnes kyrkje
12.02.2023 – Bulandet kapell

KOMANDE ARRANGEMENT:

30.03.2023 Askvoll Kyrkjekor skal ha konsert på Askvollheimen
13.04.2023 Konsert og salmekveld i Kvammen kapell
16.04.2023 Korkafé på Atløy (Atløy kulturhus)
25.04.2023 Atløykoret skal ha konsert på Askvollheimen



Sabina på orgelkrakken. Foto Steinar Bauge

Ragnhild Jepsen blir vigsla som biskop 16. april: Gler seg til å juble for påska

Ragnhild Jepsen blir vigsla som ny biskop i Bjørgvin første søndag etter påske, 16. april. Ho er framleis domprost i Nidaros domprosti, men me fekk ein liten samtale med biskopen som alt er utnemnd, men enno ikkje har kledd seg i bispekåpa.

Ragnhild Jepsen har vore til stades i fleire bispevigslar tidlegare. Ho trur ein slik dag kan vera god å ha i ryggen seinare. — Det er mykje fest og fokus på ein person, og det er fint å ha med velsigninga, bønene og fellesskapet når kvardagen kjem med ulike krevjande situasjonar. Det er noko stort i det å bli sett og kjenne på kyrkja sitt tydelege ja til meg som biskop, eg ser verkeleg fram til den dagen. Eg er også veldig glad i å feire gudsteneste, og det blir flott å syngja påskesalmar denne første søndagen etter påske, seier ho.

– Er påska relevant i vår tid?
– Når me jublar påskegleda ut på første påskedag, er det på vegner av alt Gud har skapt som også skal bli nyskapt. Det som hende i påska med Jesu død og oppstode er det endelege beviset på at Gud har frelst sin skapning og har tru på mennesket og alt Han har skapt, seier den komande biskopen.

– Kva ser du fram til ved å bli biskop?
– Eg ser fram til på bli kjent i bispedømet og med menneska her, med kyrkjelydane, både tilsette og frivillige medarbeidarar. Eg ønskjer også å vera ei tydeleg stemme i kyrkja og på vegner av kyrkja, seier den komande biskopen. Ho er ikkje klar til å lansera noko særleg satsingsområde for sin eigen del. – Eg vil først av alt lytta meg inn til kyrkja og livet i Bjørgvin.

Den nye biskopen kjem frå Ål i Hallingdal. Ho har røter i Vestland, men har ikkje budd her før. – Eg gler meg til å flytte til Bjørgvin og ser fram til å bli kjent i byen og fylket. Det blir mykje nytt, ikkje minst det å etablere seg med eit nettverk, også på fritida, det er eit arbeid i seg sjølv, seier Ragnhild som med seg til bispebustaden på Landås har med seg ektemannen Einar Vegge. Han er pilegrimsprest i Nidaros, og har reist langs delar av kystpilegrimsleia i bispedømet vårt. Dette ser også Ragnhild fram til å få høve til. Dei har to vaksne born, Håkon og Ingjerd.

– Du syng i kor i Nidarosdomen, trur du at du får tid til å synga i kor i Bergen?
– Det skal vel godt gjerast. Eg har sunge i kor sidan eg var tre år, og viss det byr seg eit høve, seier eg ja, kanskje til eit prosjektkor?



Ragnhild Jepsen framfor Bergen domkirke der ho blir vigsla til biskop i Bjørgvin 16. april. Foto: Jens Z Meyer

Ragnhild Jepsen har vore prest i 25 år, først som kapellan i Åmot i Østerdalen, sidan som kapellan og sokneprest og frå 2011 domprost i Nidaros domprosti. – Dette har gjeve meg mange erfaringar og møte med menneske i sorg og glede som eg tek med meg. Eg har som prost også vore mykje med i rådsarbeid, bl.a. fellesrådet i Trondheim. Eg er oppteken av at både organisatoriske strukturar og alt det praktiske med bygningar og liknande gjev gode rammer for at kyrkjelyden kan driva sitt kyrkjelydsbyggjande arbeid, seier den nye biskopen. Dei som har møtt henne, skjønar at ho er glad i å vera saman med folk og ho fortel at ho, på same måte som andre i staben, ofte har vore vertskap for besøkande til Nidarosdomen, anten det er store eller små grupper.

– Kva har kyrkja å «tilby» til folk flest?
– Gode fellesskap der du kan koma uansett alder, funksjon eller prestasjon. Me skal også vera ein fortolkar av tida vår. Dersom me til dømes opplever barnefattigdom, korleis kan me då vera kyrkje på ein truverdig og evangelisk måte? Dette må skje lokalt, men det er viktig å ha støtte frå bispedømet. Eg synest det er viktig at kyrkja, som ein del av lokalsamfunnet, spelar saman med lokale organisasjonar, skular og grupper. Eg vil også oppmuntra om å byggja kristne fellesskap der me samlast om det som er umisseleg for oss.

På flyttefot

Askvoll kyrkjekontor er på veg inn i nye kontorlokale, og vi tek sikte på å vere på plass rundt påsketider, men det er vanskeleg å fastsetje ein eksakt dato. Kontoret vert flytta til Sentrumsgarden i dei gamle lokala til lensmannskontoret.

Denne våren har staben på kyrkjekontoret nytta ledige kveldar til å male opp dei nye lokala i lyse og fine fargar på dugnad. Vi har òg fått snikkarkyndig dugnadshjelp frå Arnt Johny Langeland, som har bygd om veggjen mellom «venterommet» og kontorlokala.

Staben takkar særleg sekretær Hildegunn som har vore «dugnadsleiar» gjennom heile perioden, og holdt orden på dei av oss med ti tommeltottar. Vi gler oss til å komme inn i nye og meir moderne lokale.



Kyrkjestaben

Nokon maler med «heile seg».



Ein glad dugnadsgjeng.



Ein kyndig snikkar i aksjon.

Konfirmasjonsgudstenester

Våren 2023

Holmedal kyrkje, søndag 30. april kl.11.00

Eva Waagene Fossmo
Levi Sagosen Haugsvær
Jonar Holmelid Huse
Jørgen Eikebø Stang
Emil André Moldestad Strømmen
Julie Rivedal Åsnes



Vilnes kyrkje, laurdag 06. mai kl 11.00

Ingve Phanumas Abrahamsen
Heine England
Håvard-André Grane
Arin Høyvik Landøy
Hanna Størdal Lervåg
Villemo Ailin Hylderås Siljander
Vilde Saltskår Sætren
Brage Mattevik Vilnes

Askvoll kyrkje, søndag 07. mai kl 11.00

William Solheim Askevold
Angelica Gjervik Bruland
Signe Rege Fjermestad
Olivia Bjørkevoll Hestholm
Sverre Nordeide Kjørvik
Sara Fadil Mohamed
Amalie Veberg Nes
Robert Dalsøren Rivedal
Linea Ask Svellingen
Lilly Undertun
Emmeli Solvang Veberg

Bulandet kapell, laurdag 20. mai kl 13.30

Mikael Blom
Mathea Aurora Fedøy Tusvik

Kvammen kapell, søndag 21. mai kl 12.00

Lucas Hestvik Osland
Sigurd Selvik



Jesaja 53

(Etter Det Norske Bibelselskap, omsetjing 1978)

T/M: Ragnar Bull, 2023/'22

$\text{♩} = 130$
Bm G A A7 D G

Kven trud-de bo-det? Kven fekk sjå Guds vel-de? v.1 Renn-ing-en

6 A7 Bm A7 F# G Em A

rann av turr-ast-e jord. Van-vørd av man-ge, ing-en her-leg

12 A7 D G Bm F#7 Bm

skap-nad. v.2 Slik er han teik-na, pro-fet-ens ord.

2. Velkjend med sjukdom. v.10
Våre pinsler bar han. v.4
Svivøren mann som ingen vil sjå!
Rekna for inkje, v.3
heimsøkt og slegen,
hudstroken, såra, v.5 og 7
elska av få. v.3
3. Straffa vår tok han,
sona våre synder. v.5 og 6
Einsam og slegen av eigen Far. v.4, 6 og 10
Men vi fekk nåde,
fred og full forlating,
og ved hans sår vi
lækjedom har. v.5
4. Vi før i villa,
spreidd til alle kantar. v.6
Sau utan gjetar, slik var vår veg.
Skuld for vår misferd,
straff og soning leid han.
Teiande, alt vårt
tok han på seg. v.7
5. Bortriven vart han,
bort frå levand'landet, v.8
men ut av mørket livsljoset rann.
Og ved sitt offer
drog han sine til seg. v.11
Av rettferdsgåva
livet vi vann. v.5

Sunnfjord Gravferdsbyrå

Vi vil på beste måte hjelpe dykk som pårørende, med alt som høyrer ei verdig gravferd til.

Blomstertorget A/S
Dale Senter • 6963 Dale i Sunnfjord
Telefon 57 73 98 00 • Mobil 975 21 569
www.blomstertorget.no



Fjordane
BEGRAVELSESBYRÅ

NÅR DU MISTER EIN DU ER GLAD I

Å ta kontakt med eit gravferdsbyrå for å få råd om vegen vidare kan vere ein god måte å starte prosessen. Vi ønskjer å stå til teneste med råd, rettleiing og praktisk hjelp i planlegging av gravferda. Vi kan kontaktast alle dagar, heile døgnet.

FLORØ

Døgnbemanna telefon: 57 74 31 36
Markegata 42, 6905 Florø
E-post: post@fjordan.no

FØRDE

Døgnbemanna telefon: 57 82 70 30
Lindbøen 2, 6809 Førde
E-post: post@fjordan.no

www.fjordan.no



Salg, montering og service av varmepumper

Ole Andreas Myrstad

www.comfortservice.no

Tlf. 906 32 818

Panasonic
ideas for life



NOVAPGODKJENT
FORHANDLER

Isovator
F-gass
Sertifisering

Vi er din lokale fagbutikk i kommunen som leverer alt av blomar i anledning gravferd:



- Kistedekorasjon
- Hjerte
- Kors
- Krans
- Bårebukett m.m.



Vi er og forhandler av gravminne, gravering og rens av stein.

Fasteaksjonen 27. og 28. mars

Korleis ville dagane dine sett ut om du måtte bruke mellom fem og seks timar dagleg på å skaffe deg det vatnet som du treng kvar dag?



I Askvoll sokn har vi den flotte tradisjonen at måndag og tysdag før palmesøndag går konfirmantane rundt som bøsseberarar, og bankar på dører i heile kommunen. Dette gjer dei for at vi alle saman skal få høve til å gje eit bidrag til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid. Kirkens Nødhjelp er vår felles organisasjon, ei internasjonalt utstrekt hand frå kyrkjelydane i Noreg – og derfor også frå kyrkjelydane i Askvoll. Konfirmantane gjekk rundt også i år, applaus for dei! Om du ikkje var heime nett på det tidspunktet som bøsseberarane kom forbi, så går det framleis an å støtte aksjonen via fasteaksjonen.no, eller du kan sende via Vipps.

Noko av det første som det er trong for når nokon er i krise, er det same som vi alle treng kvar einaste dag: Reint vatn og nok vatn. Dette var fokus også for Fasteaksjonen 2023: Håp i ein drope vatn.

I artikkelen nedanfor kan du lese meir om kva dette kan bety for einskildpersonar, familiar og lokalsamfunn i Tanzania, som eitt av mange døme. I fjor vart det samla inn 28.194 kroner frå Askvoll sokn. Sjølv om aksjonsdagane er over, så kan ein framleis bidra. Derfor veit vi enno ikkje kva resultatet blir i år. Skal 2023 bli eit år der Askvoll sokn passerer 30.000? Kirkens Nødhjelp arbeider på ein måte som gjer at kvar krone tel, så alle bidrag utgjer ein positiv forskjell.

Takk til alle som tok vel imot bøsseberarane som var utsendt på vegne av kyrkjelydane våre. Ingen kan hjelpe alle, men alle kan vere med hjelpe nokon!

Kjell Olav Høstaker Nordheim

Nizar si eventyrlege vassreise

Synet som møtte Nizar Seleman Utanga for sju år sidan, gav liten grunn til håp, men sidan den gong har ho vore med på å endre 126 000 liv i Mbulu i Tanzania. Det heile byrja med ein brønn.

Tekst og foto: Anette Torjusen

– La meg løfte saman med deg, så du ikkje mistar bøtta, seier Nizar Seleman Utanga og hjelper ein ung gut med å helle vatn over i ein dunk.

Området vi er i, heiter Mbulu og ligg i Tanzania, i den spektakulære Riftdalen. Omkransa av fjell, solsikker og endelause maisåkrar. Så vakkert, men samtidig så røft og brutalt for dei som bur her. I ei årrekke har dei kjempa mot tørke og vassmangel.

Innbyggjarane i landsbyen Goje måtte gå mellom fem og seks timar kvar dag for å hente vatn. Dette er ein landsby Nizar har besøkt jamt og trutt dei siste åra som programmedarbeidar i Kirkens Nødhjelp.

– Sist eg var her, var det høg arbeidsløyse, stor fortvilning blant bøndene, tomme skulebenkar og mykje sjukdom. Ingen hadde eit sosialt liv. Det var det ikkje tid og rom for, seier ho.

Verken menneske eller dyr hadde vatn.

– Dei som bur her, gjekk i fem–seks timar for å hente vatn. Så langt var det til næraste kjelde. Og det vatnet dei fann, var langt frå trygt, understrekar ho.

Ein av dei som henta vatn, var 15 år gamle Deodata Julius.

– Eg gjekk for å hente vatn kvar morgon klokka fem og gjekk i to timar. Då eg kom heim, sprang eg til skulen for ikkje å kome for seint. Etter skulen sprang eg heim for å gå i to nye timar. Først klokka 19.30 på kvelden kunne eg setje meg ned og gjere lekser, fortel ho.

Deodata legg til at ho alltid var sliten og trøyt, og at ho grudde seg til å hente vatn på ettermiddagane. For ofte rakk ho ikkje heim før det blei mørkt.

– Eg syntest det var ekstra skummelt å gå i mørkeret, minnest ho.

I 2014 samla det norske folket inn 250 millionar kroner til reint vatn gjennom TV-aksjonen, noko som gav vatn til 1,7 millionar menneske. Ein av landsbyane som har fått brønn, er nettopp Goje. I Mbulu, der vi er no, har 126 000 menneske fått tilgang til reint vatn. Kirkens Nødhjelp har både bora etter vatn og reparert brønner. Den djupaste brønnen er på 135 meter.



Ei fersk undersøking som er gjord i Mbulu og i Haydom, viser ein nedgang frå 89 til 35 prosent i sjukdommar som er relaterte til skitent vatn.

– Eg er så stolt, så stolt over å få vere med på å endre så mange liv. Det er ein heilt annan atmosfære her no. Folk er lykkelege og har jobb, skulane er fulle av elevar, livskvaliteten har endra seg, og bøndene kan igjen dyrke grønsaker, seier Nizar.

Rundt vasspumpa i Goje er det full aktivitet. Skulen til Deodata er her for å hente vatn. Sjølv slepp ho å gå i timevis og kan konsentrere seg om å bli lege.

Nizar er spesielt glad for at barn og unge endeleg kan få tid til å vere nettopp unge.

– Liva deira var så travle, men no får dei vekse opp og ha normale liv. Det fortener dei. Eg ser så mange smil. Dei kan leike, gå på skulen og halde seg friske. Eg blir så imponert over denne endringa, smiler ho.

Sjølv om livet i Goje no er godt, er det framleis stor vassmangel i Tanzania, noko som òg gjeld større byar.

4 millionar menneske manglar tilgang til reint og trygt vatn. 29 millionar menneske har ikkje tilgang til gode sanitærforhold.

Velkommen til gudsteneste



ASKVOLL KYRKJE

Torsdag 6. april kl. 18.00
Nattverdsgudsteneste

Søndag 9. april kl. 17.00
Høgtidsgudsteneste

Søndag 16. april kl. 11.00
Familiegudsteneste

Søndag 7. mai kl. 11.00
Konfirmasjonsgudsteneste

Onsdag 17. mai kl. 10.00
Familiegudsteneste

Søndag 28. mai kl. 11.00
Høgtidsgudsteneste

Søndag 18. juni kl. 17.00
Gudsteneste

Søndag 13. august kl. 11.00
Gudsteneste



HOLMEDAL KYRKJE

Lørdag 8. april kl. 22.00
Gudsteneste

Søndag 16. april kl. 15.00
Familiegudsteneste

Søndag 30. april kl. 11.00
Konfirmasjonsgudsteneste

Onsdag 17. mai kl. 11.15
Familiegudsteneste

Søndag 2. juli kl. 11.00
Gudsteneste

Søndag 20. august kl. 15.00
Gudsteneste



KVAMMEN KAPELL

Søndag 21. mai kl. 12.00
Konfirmasjonsgudsteneste

Søndag 18. juni kl. 11.00
Gudsteneste

Søndag 23. juli kl. 19.00
Gudsteneste



BULANDET KAPELL

Søndag 9. april kl. 10.15
Høgtidsgudsteneste

Lørdag 20. mai kl. 13.30
Konfirmasjonsgudsteneste

Søndag 4. juni kl. 17.00
Gudsteneste

Søndag 9. juli kl. 10.15
Gudsteneste

Søndag 20. august kl. 10.15
Gudsteneste



VILNES KYRKJE

Søndag 9. april kl. 15.00
Høgtidsgudsteneste

Lørdag 6. mai kl. 11.00
Konfirmasjonsgudsteneste

Søndag 4. juni kl. 11.00
Gudsteneste

Søndag 23. juli kl. 15.00
Gudsteneste

Kyrkjelege handlingar

GRAVLAGDE



ASKVOLL

06.12.2022	Olaf Johan Saltskår	f. 1947
30.12.2022	Steinar Flaten	f. 1932
03.01.2023	Oddleif Osland	f. 1950
06.01.2023	Roy Harry Fristad	f. 1957
12.01.2023	Asle Flokenes	f. 1953
13.01.2023	Atle Gunnar Myhre	f. 1944
19.01.2023	Ingrid Ringstad	f. 1927
20.01.2023	Margit Mjåset	f. 1936
03.02.2023	Kjellaug Høyvik	f. 1929
10.02.2023	Knut Dalsøren	f. 1947

HOLMEDAL

07.12.2022	Annfrid Vårdal	f. 1930
05.01.2023	Magnar Vårdal	f. 1939
10.01.2023	Ragnhild Rivedal	f. 1932
11.01.2023	Dagmar Torbjørg Helle	f. 1935

VILNES

17.01.2023	Inger Valborg Barsnes	f. 1931
------------	-----------------------	---------

DØYPTE



HOLMEDAL

22.01.2023 Emil Størdal Joensen

VILNES

22.01.2023 Dagfinn Bakkebø

ASKVOLL

05.02.2023 Ayan Heydarova

KVAMMEN

12.02.2023 Vettle Mandelid Engebø

VIGDE



ASKVOLL

16.04.2022	Inger Marie Bråstad og Juan Diego Kleppe
04.06.2022	Malin Fristad Haaland og Markus Rivedal Haaland

HOLMEDAL

01.07.2022	Anne Grethe Lien og Jørn Magne Hersvik Larsen
25.03.2023	Kristine Bekkenes og Mathias Steinsland

VILNES

05.06.2022	Ina Malene Inderberg Hansen og Jim Tore Høvik
------------	--

BULANDET

18.06.2022	Birte Nikøy og Trond Sætren
------------	--------------------------------



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjevalet 2023

Det er igjen tid for kyrkjeval i haust.

Det skal veljast nytt sokneråd lokalt i Askvoll og bispedømmeråd/Kyrkjemøte på regionalt og nasjonalt nivå.

Sjølve valdagen vert 11. september, og det vert førehandsrøysting i tida 10. august-8. september.

Meir informasjon om kyrkjevalet finn du på vår heimeside www.askvoll.kyrkja.no.

Vi kjem tilbake med valstoff i neste kyrkjeblad.

TRENGER DU NOEN Å
SNACKE MED?

Noen som ringer tenker på å ta sitt eget liv, andre er usikre, ensomme eller redde. Noen trenger bare å slå av en prat.


Ring eller skriv. Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22 40 00 40

SOS
MELDING

SOS
CHAT

KIRKENS
SOS



Returadresse: Askvoll kyrkjekontor, Boks 14, 6988 Askvoll

Dåp
– ein god start på livet

Vi får ikkje lenger informasjon om nyfødde barn. Difor får vi ikkje sendt ut dåpsinvitasjon til nybakte foreldre, slik vi gjorde før.

Ta kontakt om du ynskjer dåp!
Send epost til sekretaer@askvoll.kyrkja.no, eller ring mobilnr.918 74 724


DEN NORSKE KYRKJA
Askvoll sokn



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll




KYRKJEVERJE
Rune Ziener
✉ kyrkjeverje@askvoll.kyrkja.no
☎ 479 63 319




KYRKJESEKRETÆR
Hildegunn Helleset
✉ sekretaer@askvoll.kyrkja.no
☎ 918 74 724



SOKNEPREST
Kjell Olav Høstaker Nordheim
✉ sokneprest@askvoll.kyrkja.no
☎ 482 43 056



KYRKJELYDSPEDAGOG
Guri Høstaker Nordheim
✉ pedagog@askvoll.kyrkja.no
☎ 481 06 298



KANTOR
Sabina Baylarbayova
✉ kantor@askvoll.kyrkja.no
☎ 930 81 399



Betal gjerne kyrkjebladet med Vipps til
692979
Rettleiande kr 200,-

VELKOMMEN TIL GUDSTENESTE I PÅSKA

SKJÆRTORSDAG
Askvoll kl. 18.00

PÅSKEAFTAN
Holmedal kl. 22.00

1. PÅSKEDAG
Bulandet kl. 10.15
Vilnes kl. 15.00
Askvoll kl. 18.00



ASKVOLL KYRKJEKONTOR

Postboks 14, 6988 Askvoll
Askvollvegen 431, 6980 Askvoll
Telefon: 918 74 724 · E-post: post@askvoll.kyrkja.no
Heimeside: www.askvoll.kyrkja.no
Facebook: www.facebook.com/kyrkjaiaskvoll



Kyrkjebladredaksjonen:

Rune Ziener (ans. red.), Hildegunn Helleset, Kjell Olav Høstaker Nordheim

Leiar Askvoll sokneråd: Jostein Gryte, tlf. 909 38 382

Org.nr. 976 996 267 • Bankkonto: 3740.15.57696